

REFERAT FRÅ ÅRSMØTET I OS KAMMERKOR 24.01.2020 KL 19.00

Stad: Vognhallen

Til stades: 20 medlemar

Saksliste følgjer Kammerkoret sine lover punkt 5

1. Møteinnkallinga vart godkjend utan merknader.
2. Heidi Sælen vart møteleiar. Eirik Lyssand vart referent.
3. **Årsmeldinga frå styret og musikkutvalet** vart gjennomgått. Det var ein merknad. Kari H. gikk med bøsse for Tv-aksjonen 20.10. 2019. Vi hadde og hatt ei samling i Vognhallen med Eva Størksen og Hans Parnefält som gjestar der vi såg på bilete frå turen til Tarragona.
4. **Rekneskap og budsjett** vart presentert av Leif Ragnar Tveit. Torill Hellebø opplyste kvifor statstilskotet var redusert. Budsjett og rekneskap vart godkjent. Revisor Kari Heggland las si godkjenning.
5. **Val:** Valnemnda Aagot Moberg og Marianne Kramer la fram ei innstilling som vart samrøystes godkjent. Verva har no slik fordeling:

Leiar: Torill Hellebø – valt for eit år

Styremedlemar: Øystein Svalheim (ikkje på val – eit år til i styret

Wenche Brunborg (ny – valt for 2 år)

Anne Hegre (ny – valt for 2 år)

Varamedlem med møterett: Astrid Nordvik (valt for eit år)

Musikkuvalet (alle valt for ei år)

Gunnbjørg Søfteland

Kari Mikalsen

Kristin Sars Ellefsen

Tore Toft

Revisor: Kari Heggland held fram

Rekneskapsfører: Leif Ragnar Tveit held fram

Flaggansvarleg: Kari Heggland held fram

Nettside ansvarleg: Marianne Kramer held fram

Ny Valnemnd:

Heidi Norunn Sælen og Eirik Lyssand

6. **Medlemskontingenten** vart samrøystes heva med kr 50,- pr halvår. Den er no kr 950,- pr halvår. Auken er alt innarbeidd i budsjettet for 2020.
7. **Om flagginga:** Vi må i løpet av 2020 forhandla fram ny avtale. Det er viktig at fleire deltek i denne dugnaden. Vi har aldri glippa, men må ha beredskap om det brått blir trong for flagging. Det er derfor viktig at flagga ligg på lageret når dei ikkje er oppe. Kari, Marianne og Leif Ragnar har nøkkel til lageret.

Årsmøtet vart heva kl 20.10, og etterpå var det fest med mat , song og drøs.

24.01.2020

Eirik Lyssand
Referent